



## Notat

Dato: 10.09.2015  
Arkivsak: 2014/23823-5  
Saksbehandlar: lisadla

---

Til: Samferdselsutvalet

Frå: Fylkesrådmannen

---

### Svar på oversendingsforslag – spørsmål om veglys

I møte i samferdselsutvalet 19. august 2015 fremja representanten Øyvind Hardeland (A) følgjande oversendingsforslag:

*Fylkeskommunen driftar og vedlikeheld fylkesvegane i Hordaland. For veglysa langs desse vegane er det slik at fylket betalar for drifta av straumforbruket, men då det gjeld drift og vedlikehald ellers så betalar kommunane for desse tenestene direkte til kraftlaga og får kompensert for denne kostnaden av fylket ein gang i året.*

*For det første så er dette ikkje ute på pris, det er store kostnader i samband med lov om overgang til LED armatur, kommunane forskottera og det er generelt uoversiktleg.*

*Kva planar har Fylkeskommunen for å rydda opp i dette?*

Det er klårt at organiseringa rundt veglys på fylkesvegnettet både er omfattande og kompleks, ikkje minst fordi ansvaret for drift- og vedlikehald av gang- og sykkelvegar, fortau og veglys langs fylkesveg ikkje alltid ligg hjå fylkeskommunen, men hjå den einskilde kommune eller hjå lokale kraftlag. Utfordringane knytt til dette er ikkje isolert for Hordaland fylkeskommune. Fylkesrådmannen har vore i kontakt med fleire andre fylkeskommunar der same type problemstillingar er aktuelle. Eit eksempel her er Oppland fylkeskommune der det i 2014 vart gjort eit større kartleggingsarbeid i samarbeid med Statens vegvesen og kommunane. I dette arbeidet var fokuset på klassifisering og ansvarsfordeling av fylkesvegnettet knytt til dei nemnde oppgåvene ovanfor.

Spørsmål om veglys har også vore fremja tidlegare, og i referatsak til samferdselutvalet tidlegare i år (RS 48/2015) heiter det følgjande:

*Fylkesrådmannen ser at kompleksiteten rundt veglys er stor, - dette gjeld både etablering av nye veglys, og ikkje minst eigarskap, drift og vedlikehald av allereie eksisterande veglys på fylkesvegnettet. Ut frå dette meiner fylkesrådmannen det er bør setjast i gang eit større arbeid for å kartlegge status for veglysanlegga. I dette arbeidet bør det særleg verte sett nærmare på eigarskap, ansvar og kostnader. Arbeidet bør og ta opp i seg kva retningslinjer ein skal ha for etablering av nye veglys, og kva for faktorar og vurderingar ein skal vektleggje i slike saker.*

I samband med rullering av Strategi for drift og vedlikehald på fylkesvegnettet vil veglys vere eit deltema.

